



Nordic Halibut As  
Hendnesveien 124  
6533 Averøy

Vår referanse  
25/259 25/4990

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Kåre Kvangarsnes

Dato  
13.06.2025

## **Sjøanlegg til oppdrett av kveite - Litlebø - Klage på vedtak - Gnr 121 bnr 15**

Formannskapet har i møte 10.06.2025, sak 84/25, fatta følgjande vedtak:

Vanylven kommune gjev dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplan jf § 19-2 i plan- og bygningslova. Ein er positiv til omsøkt areal til akvakulturanlegg, ved Litlebø i Syvdsfjorden. Med atterhald om positiv uttale frå Kystverket til plassering. Og at det seinare vert gitt konsesjon frå Møre og Romsdal Fylkeskommune for oppretting av oppdrettsanlegg. Vanylven kommune delar søkar sine vurderingar og meiner at fordelane er større enn ulempene ved å gi dispensasjon i denne saka.

Med helsing

Eli Tefre Nordal  
Assisterande kommunedirektør

Kåre Kvangarsnes  
Konsulent

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Mottakar  
Nordic Halibut As                      Hendnesveien 124                      6533                      Averøy

Kopi til  
Kim Andre Ekremsæter



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
84/25	Formannskapet	10.06.2025

### Sjøanlegg til oppdrett av kveite - Litlebø - Klage på vedtak - Gnr 121 bnr 15

#### Samandrag:

Vanylven kommune har motteke og handsama dispensasjonssøknad for oppretting av akvakulturanlegg i Syvdsfjorden.

Formannskapet har i møte 06.05.2025, sak 68/25, fatta følgjande vedtak:

Vanylven kommune gjev ikkje dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplan jf § 19-2 i plan- og bygningslova.

Dette vedtaket vert no klaga på ved søkar, med grunngjeving i at avslaget ikkje er begrunna. Klagen kjem innanfor klagefristen på tre veker. Datert 12. mai 2025.

Nordic Halibut ynskjer å etablere sjøanlegg til oppdrett av kveite, og ser at Vanylven kommune har avsett område for akvakultur ved bla. Indretun i Syvdsfjorden. Nordic Halibut ynskjer å flytte dette arealet til Litlebø og tilpasse storleiken. Det søkast difor om dispensasjon frå arealføremål, kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (NFFF1).

Søknad til kommunen gjeld kun dispensasjon frå arealføremål. Ein evt. søknad om sjølve akvakulturanlegget vil bli oversendt til Møre og Romsdal Fylkeskommune og handsamast iht. akvakulturloven.

Det søkast om dispensasjon frå: Arealplan

#### Beskrivelse:

I kommuneplanen er det ved Indretun avsatt areal til Akvakultur på ca. 106 000 m<sup>2</sup>. Nordic Halibut ynskjer at dette flyttast mot aust til Litlebø og storleiken aukast til ca. 285 000 m<sup>2</sup>, dette for å få et område som har tilstrekkeleg areal for eit akvakulturanlegg som ynska med tilhøyrande fôrflåte.

## **Formannskapet 10.06.2025**

### **Behandling:**

Dispensasjon sjømatanlegg Litlebø, foreslått av Njål Sivertstøl, Arbeidarpartiet  
Vanylven kommune gjev dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplan jf § 19-2 i plan- og bygningslova. Ein er positiv til omsøkt areal til akvakulturanlegg, ved Litlebø i Syvdsfjorden. Med atterhald om positiv uttale frå Kystverket til plassering. Og at det seinare vert gitt konsesjon frå Møre og Romsdal Fylkeskommune for oppretting av oppdrettsanlegg. Vanylven kommune delar søkar sine vurderingar og meiner at fordelane er større enn ulempene ved å gi dispensasjon i denne saka.

### **Framlegget frå Njål Sivertstøl vart samrøystes vedteke.**

### **FO - 84/25 Vedtak**

Vanylven kommune gjev dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplan jf § 19-2 i plan- og bygningslova. Ein er positiv til omsøkt areal til akvakulturanlegg, ved Litlebø i Syvdsfjorden. Med atterhald om positiv uttale frå Kystverket til plassering. Og at det seinare vert gitt konsesjon frå Møre og Romsdal Fylkeskommune for oppretting av oppdrettsanlegg. Vanylven kommune delar søkar sine vurderingar og meiner at fordelane er større enn ulempene ved å gi dispensasjon i denne saka.

### **Kommunedirektøren si tilråding:**

Vanylven kommune held på sitt vedtak gitt i FO 68/25, ein gjev ikkje dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplan jf § 19-2 i plan- og bygningslova.

Grunngjeving for avslaget, gitt av formannskapet:

**Saksopplysningar:**

Det vert klaga på avslag gitt av formannskapet i sak 68/25. Det vert vist til forvaltningslova § 24 og § 25. Enkeltvedtak og grunngjeving skal gis i kvart vedtak, det skal visast til reglar, faktiske forhold og skjønnet vedtaket bygger på. Det vert bedt om ny handsaming, der eit ev. avslag vert grunngjeve.

**Tidlegare saksopplysningar:**

Det søkast om dispensasjon frå arealformål (NFFF1). Formålet med søknaden er å utvide si verksemd innan akvakultur og bidra til lokal økonomisk vekst og berekraftig matproduksjon. Det søkast om dispensasjon da gjeldande arealplan er av eldre dato, og pågåande arbeid med sjøarealplan har dratt ut i tid, og det er lita framdrift.

*I Klima –og miljødepartementets rundskriv H-6/18 om retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i sjønære områder heiter det: «Mange kommunar kan ha utdaterte planer for sjøområde. I slike tilfelle kan det være naudsynt å bruke dispensasjonar til for eksempel flytting eller utviding av eit område avsett til akvakultur i kommuneplanen». Det er frå sentrale myndigheiter side framheldt at dispensasjon nettopp er meint å være eit aktuelt planverktøy for kommunar med tanke på å legge til rette for miljømessig og driftsmessig eigna akvakulturlokaliteter. Hvis det innvilges dispensasjon som omsøkt, bør arealet tas inni fremtidig sjøarealplan.*

**Dispensasjon:**

Plan-og bygningslovens § 19-2 gir anledning til å dispensere frå bestemmelsar fastsatt i eller i medhald av lova på vilkår. Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene.

Det kan berre dispenserast dersom det ligg føre ei klar overvekt av omsyn som taler for ein dispensasjon.

Søkar sjølv vurderer at tiltaket ikkje vil i vesentleg grad røre ved natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og biologisk mangfald i fjorden. Å heller ikkje allmenne interessar vert påverka. Omsynet bak arealføremålet, lovas formålsbestemmingar og nasjonale eller regionale interesser blir ikkje vesentleg tilsidesett, då tiltaket gjeld justering av areal som allereie er avsett i kommuneplanen.

**Fordelar/ulempar (frå søknad)**

-Dagens areal ved Indretun som er avsatt til Akvakultur ligger i nåværende kommuneplan og i fremtidig sjøarealplan i område som ønskes brukt til fiske. Ved å flytte dette arealet mot øst vil ikke akvakultur og fiske komme i konflikt.

-Anlegget vil bli tilpasset lokale forhold og det er tatt hensyn til eksisterende bruk av området, som friluftsliv og fiske ved ønsket plassering.

-Fra både regjeringen og akvakulturmyndighetene har det vært fremhevet at myndigheter og næring må jobbe sammen for å etablere nok akvakulturlokaliteter til å dekke næringens behov, ved å innvilge en dispensasjon som omsøkt kan området ved Litlebø tas i bruk etter godkjent søknad iht. Akvakulturloven.

-Økonomisk vekst og arbeidsplasser: Etablering av akvakulturanlegg vil bidra til lokal økonomisk vekst ved å skape nye arbeidsplasser og støtte lokale leverandører og tjenester.

-Bærekraftig matproduksjon: Akvakultur er en viktig kilde til bærekraftig matproduksjon. Det kan bidra til å møte økende etterspørsel etter sjømat uten å overbelaste ville fiskebestander.

-Det må også anses som en fordel at en dispensasjon medfører en samfunnsøkonomisk og effektiv prosess for kommunen og tiltakshaver. En planprosess medfører utstrakt ressursbruk hos det offentlige, og kommunens arbeid med sjøarealplanen har dessverre tatt tid.

Av ulemper kan det nevnes at plasseringen av akvakulturanlegget er ikke iht. vedtatt kommuneplan, men en plassering som omsøkt ved Litlebø er etter vår mening bedre enn nåværende plassering i dagens kommuneplan, da anlegget ikke vil komme i konflikt med areal som ønskes avsatt til fiske i fremtidig sjøarealplan.

Ut ifra ovennevnte mener vi at fordelene er klart større enn ulempene ved å gi dispensasjon som omsøkt.

Vidare vert det vist til at man meiner at tiltaket ikkje påverkar natur, fiske, ferdsel eller friluftsliv negativt. Det er ikkje funne at tiltaket er vesentleg utsett for flaum, søy eller ras eller negative konsekvensar for helse, miljø og sikkerhet. Konklusjonen vert at fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene.

Vanylven kommune delar søkar sine vurderingar og meiner at fordelane er større enn ulempene ved å gi dispensasjon i denne saka.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla til kringliggande naboar, samt lagt ut annonse i lokalavisa og på kommunens nettside.

Det er motteke 4 nabomerknadar innan fristen. Merknadane er svara ut av søkar i eige vedlegg til søknaden.

Det er i etterkant kome innspel rundt nabovarsel frå Harald Ulvestad datert 20.03.2025.

### **Høyrings svar**

Møre og Romsdal fylkeskommune, svar datert 28.02.2025. Her vert vist til det planfaglege ved å styre etter planar og ikkje dispensere. Det aktuelle området som er omsøkt flytta er i forslag til ny kystsoneplan tatt vekk. Det vert her frårådd å gi dispensasjon.

Museum Vest, svar datert 04.03.2025. Ingen merknadar

Statens Vegvesen, svar datert 06.03.2025. Ingen særlege merknadar, etterlyser informasjon om eventuell tilkomst til land.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, svar datert 24.03.2025. Viser til merknadar rundt tryggleik og tryggleikskrava. Det vert også vist til fritidsfiske og førekomstar av korallar i område.

Fiskeridirektoratet, svar datert 24.03.2025. Det vert vist til det planfaglege, at man bør styre etter vedtekne planar. Planarbeidet med kystsoneplan har stoppa opp. Å det vert vist til

rundskriv H-6/18. Samt at endringa ikkje ser ut til å vere i konflikt med fiskeriinteressene i område. Å til slutt at dersom her vert gitt dispensasjon må endringa spelast inn til ny høyringsrunde for interkommunal kystsoneplan.

Kystverket har ikkje motteke saka til høyringa ved ein feil, ein lyt ta atterhald i vedtaket om at her ikkje kjem merknadar frå dei.

Vurdering av aktsomheitsområde er innlevert frå Nordic Halibut 25.04.2025. Tiltaket er sett i sikkerheitsklasse S2

### **Vurdering og konklusjon**

Nordic Halibut søker dispensasjon før gjeldande kommuneplan sitt arealføremål for område avsett til akvakultur i Syvdsfjorden. Endringa gjeld flytting av avsett areal frå Indretun på vestsida av fjorden til den andre sida i aust ved Litlebø. Det er opp til formannskapet i Vanylven kommune som planmynde å innfri eller gi avslag på omsøkt dispensasjon.

Saka har vore nabovarsla. Her er kome fleire innspel frå naboar og andre som stiller spørsmål rundt plasseringa av anlegget. Det vert vist til bla. straumfohold og sjøis. Samt konflikt med lokale fiskeriinteresser for fritidsfiske. Det vert også vist til at det visuelt vil vere skjemmaende for eigedomane på land, å at man ser for seg verditap på eigedomane.

Saka har vore på høyring, det vert her vist særleg til det planfaglege. Der ein vert rådd til å ikkje gi dispensasjonar. Å heller styre etter vedtekne planar. Kystverket har ikkje hatt saka på høyring å ein tek atterhald om deira uttale. Tryggleik vert vist til som eit punkt, som seinare er svara ut.

På noværande tidspunkt finn man ikkje noko som tilseier at ein ikkje kan opprette akvakulturanlegg i området som er omsøkt. Det vert vist til at dersom her no vert gitt dispensasjon frå arealføremålet, vil Møre og Romsdal Fylkeskommune seinare handsame saka om sjølve oppdrettsanlegget.

Ein ser at søkar si vurdering av fordelar og ulemper, samt konklusjonen om at tiltaket ikkje gjev vesentleg tilsidesetting av arealføremålet. Vi vurderar at ein er samd i denne konklusjonen.

Eit særleg viktig moment i saka er at det område ved Indretun som er avsett i kommuneplanen som gjeld i dag, er tatt vekk frå det som er lagt til høyring i interkommunal kystsoneplan. Dersom denne hadde vore vedteken ville her ikkje vert noko område avsett til akvakultur i Syvdsfjorden. Ved å no gi dispensasjon for denne endringa vil man også måtte legge inn endringa ved neste gongs -utlysinga av denne planen.

I eksisterande kommuneplan og i forslag til ny kystsoneplan er det allereie avsett sjøareal til ålmenn bruk, også til akvakultur. Men tiltak som kjem i konflikt med skipsleia skal ikkje gjevast løyve til. Tiltak skal heller ikkje kome i konflikt med natur, fiske, ferdsel, friluftslivsinteresser.

Vanylven kommune vurderar omsøkt tiltak som innanfor det arealføremålet er meint for ved oppretting av akvakultur. Ved oppretting av oppdrettsanlegg vil dette kunne positive ringverknadar som arbeidsplassar i kommunen. Å inntekter for nærområdet.

Ein ser at det er kome innspel frå naboar som er sterkt kritiske til etablering av slik næring i nærleiken av sine eigedomar. Vanylven kommune vurderar at søkar har svara ut dei merknadane som er kome. Ved eit positivt vedtak vert det sett vilkår at søkar innfrir krava om å vise omsyn til andre interesser, i den vidare prosessen til fylkeskommuna si handsaming.

**Likestillingsmessige sider ved saka:** ingen kjende

**Konsekvensar for folkehelsa:** ingen kjende

**Miljøkonsekvensar:** Er vurdert i saka, av søkar, høyringspartar og kommune.

**Økonomiske konsekvensar:** ingen kjende

**Beredskapsmessige konsekvensar:** ingen kjende

**Konsekvensar for barn og unge:** ingen kjende

Andreas Chr. Nørve  
kommunedirektør